

.....
Dato:

.....
Arbeidsgivar

.....
Arbeidstakar

Bruksavtale for "Utvida basispakke og "Skrivebord" (VPN-tilknytning) for tilsette

I samanheng med at eg får fjerntilgang til tenester ved Møre og Romsdal fylkeskommune erkjenner og erklærer eg å være informert om følgjande:

1: Fjerntilgang til Møre og Romsdal fylkeskommunes tenester skal berre brukast til tenestebehov. Privat bruk skal ikkje skje.

2: Fjerntilgang til Møre og Romsdal fylkeskommunes tenester er personleg og alle brukarar skal ha eigen konto. Påloggingsinformasjon (passord) skal ikkje under nokon omstende delast med nokon, heller ikkje føresette, IT-personell eller andre som hevdar å representere fylkeskommunens IT-personell.

3: Fjerntilgang til Møre og Romsdal fylkeskommunes tenester medfører at eg har eit særskilt ansvar for å forhindre at uvedkommande får tilgang til tenestene.

4: Brukarutstyret er personleg og skal ikkje delast med uvedkommande, dette gjeld også nærmaste familie. Dette gjeld også dei periodane der utstyret ikkje er kopla opp til Møre og Romsdal fylkeskommunes tenester.

Når eg forlet brukarutstyret skal eg syte for at det er beskytta på ein slik måte at andre ikkje får tilgang. Dette betyr at brukarutstyret skal vere innelåst eller låst med brukarnamn og passord.

5: Fjerntilgang til Møre og Romsdal fylkeskommunes tenester medfører at eg har eit særskilt ansvar for å syte for at brukarutstyret(berbar PC og liknande) ikkje er kompromittert. Dette inneber at eg har eit særskilt ansvar for å forsikre meg om at berbar PC til ein kvar tid blir oppdatert. Dette gjerast ved å kople pc til fylkesnettet på oppmøtestaden minst ein gang pr. veke, eventuelt ta kontakt med brukarstøtte på arbeidsstaden.

8: Eg er klar over at eg i mi teneste i Møre og Romsdal fylkeskommune pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til det eg i samband med tenesta får vite om nokon sine personlege tilhøve og/eller tekniske innretningar og framgangsmåtar og drifts- eller forretningsforhold som det har konkurransemessig betydning å halde hemmeleg av omsyn til den som opplysninga gjel (jf. underskriven skjema for teieplikt).

....., den

.....
underskrift